

**Møtene med songevangelistane Marit og Irene (biletet) fortset med møte i kveld søndag klokka 19.30. Måndag er det ikkje møte, men frå tysdag er det møter heile veka klokka 19.30. Songen og musikken til dei 2 representerer det beste av bedehuskulturen i landet. Det er faktisk ikkje så ofte dei har møter i vårt distrikt.**

Mange har nytta høvet til å møta dei i veka som gjekk. I tillegg til fin song og musikk har dei evne til å formidla Guds ord på ein givande måte.

I 1000 år har vi hatt evangeliet i bygdene våre. Ein generasjon kan avkristna landet vårt. Vil vi det? Er det iferd med å skje?

Set gjerne til side ein viktig ting (det er det alltid) for ei kveldsstund i kyrkja.

VEL MØTT!

**Tormod Myklebust**